



øygarden



Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken.

Om ein tenkjer som ein alltid har tenkt,
kjem ein til å gjera som ein alltid har
gjort, og då kjem det til å verta som
det alltid har vore.



- Øygarden kommune er ein av 22 kommunar som er med i prosjektet "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken" i regi av Kommunal- og regionaldepartementet.
- Prosjektperioden vil vara i heile inneverande valperiode, frå 2007 og til 2012.
- Øygarden er vald ut på bakgrunn av at kommunen har tradisjon for låg kvinneandel i politiske styre og utval, særleg gjorde dette seg gjeldande i forrige valperiode, der det var svært få kvinner som hadde politiske verv.



- På Statistisk Sentralbyrå sin likestillingsindeks for 2006 låg Øygarden på 334. plass blant landets 430 kommunar.
- Ein av indikatorane er talet på kvinnelege kommunestyrerepresentantar, som for Øygarden sin del var fire av 23 representantar i førre valperiode.
- I formannskapet var ein av fem representantar kvinne, og blant fem hovudutvalsleiarar var det ei kvinne.



- I eit kommunestyrevedtak den 25.04.07 vart det vedtatt å opprette ei prosjektgruppe og prosjektleiar i 20%-stilling
- I kommunestyra 10.10 og 15.11 vart det valt prosjektgruppe og prosjektleiar.
- Prosjektgruppa består av 7 personar frå alle parti. Både kvinner og menn.
- Samstundes vart det vedteke ein prosjektplan med mål å rekruttera og behalda kvinner i lokalpolitikken



Tiltak

1. Tiltak med sikte på å få partia til å rekruttere breiare og få med nye inn i lokalpolitikken.
2. Tiltak overfor nominasjonskomiteane og partia med sikte på å få opp kvinndelen mellom toppkandidatane på listene.
3. Tiltak for for å synleggjere kvinnelege kandidatar og kvinnelege politikarar.
4. Tiltak med sikte på å betre arbeidsvilkåra for lokalpolitikarar.
5. Tiltak for å styrkje kapasiteten til nye lokalpolitikarar.



1.Tiltak med sikte på å få partia til å rekruttere breiare og få med nye inn i lokalpolitikken:

- Annonse i lokalpressa og opne møter for alle kvinner
- Ordføraren promoterte prosjektet i lokalradioen ved fleire høve
- Stek oppmoding om å sei ja om du vart spurt eller til å ta kontakt
- Fylkesordføraren, kom og held føredrag om ”Kvinne i politikken”



2.Tiltak overfor nominasjonskomiteane og partia med sikte på å få opp kvinnedelen mellom toppkandidatane på listene:

- Jacob Aars frå Rokkansenteret orienterte heile kommunesytret om nominasjonsprosessen og kva som er viktig for å få med fleire kvinner.
- Ordføraren sende brev til alle partia.
- Tre kvinnelege ordførarkandidatar
- 10 kvinner med stemmetillegg (kumulert)
- Kampanjen: Annankvar



Vi treng fleire kvinner



Annakvar

- <http://www.facebook.com/home.php#!/pages/AnnanKvar/111743195556859>



3.Tiltak for å synleggjere kvinnelege kandidatar og kvinnelege politikarar.

- Aktiv bruk av kommunen si lokale informasjonsavis .
"Nyhendemagasinet"
- T- skjorte, mappe og buttons, kopp
- Kampanjen: Annankvar
- Facebook og kommunen si heimeside

<http://www.facebook.com/home.php#!/pages/Annankvar/111743195556859>

www.oygarden.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=392&AId=238



4.Tiltak med sikte på å betre arbeidsvilkåra for lokalpolitikarar

- Kommunestyremøta på dagtid
- Føreseielege møtetider
- Godtgjersle til barnepass
- Mentorordning for nye kvinnelege politikarar
- Valnemnda skal jobbe heile valperioden med fokus på lik kjønnsrepresentasjon
- Sakspapira skal vera enkle å lesa.



5.Tiltak for å styrkje kapasiteten til lokalpolitikarar:

- "Ta ordet kurs"
- Mediatrening
- Korleis takle herskarteknikkar
- Budsjettkurs
- Styrekurs
- Mentorordning
- og.....



Alle kvinnene laga personleg brosjyre med personleg politisk budskap for bruk på stand og distrubusjon til vener og kjente.

- Alle kvinner som stod på val vart invitert til å vera med på eit "liksom" kommunestyremøte i kommunestyresalen våren 2011
- Nettverksbygging
- Studietur til Stortinget og Likestillingsdepartementet der vi møtte statsråd Audun Lysbakken.











Resultatet blei Annakvar kvinne og mann.

12 av 23 representantar er kvinner.